

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	16.09.2020
Tid:	09:30-18:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A
Senea Sabanovic	Medlem	A Gjekk kl. 13
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Geir Kjell Andersland	Medlem	V
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Lise-May Sæle	Medlem	H
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Bjørn Loe Nyhuus	June Vibecke Knudtsen Indrevik	H
Rita Tonning	Terje Kollbotn	R
Kari Sørensen Bernardini	Senea Sabanovic	A Frå kl. 13

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Arnt Ola Fidjestøl	Seksjonssjef for arkiv
Britt Karen Spjeld	Seksjonssjef for idrett og friluftsliv
David J. Aasen Sandved	Seksjonssjef for kulturarv
Ingebjørg Erikstad	Seksjonssjef for inkludering, strategi og analyse
Ronny Skår	Seksjonssjef for kunst- og kulturutvikling
Anne Haugen Pihl	Seksjonssjef for bibliotekutvikling
Siri Ingvaldsen	Seksjonssjef for kulturformidling
Åse Kittang	Rådgjevar, politisk sekretariat /møtesekretær

Saksliste
**Utvals-
saksnr**
Innhald
Godkjenningssaker
**Arkiv-
saksnr**
U.Off

GK 16/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	
GK 17/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 04.06.20	2020/47347
GK 18/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 01.07.2020	2020/47347
	Referatsaker	
RS 76/20	Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19	2020/54817
RS 77/20	Orientering til fylkeskommunene - brev fra Kulturdepartementet til departementets tilskuddsmottakere i kultursektoren	2020/57367
RS 78/20	Ny krisepakke for frivillige lag og organisasjonar	2020/60329
RS 79/20	Nynorsk i Den kulturelle skulesekken	2020/59801
RS 80/20	Fordeling av midlar til Den kulturelle skulesekken skuleåret 2020-2021	2020/304
RS 81/20	Programmet for Den kulturelle skulesekken skuleåret 2020-2021	2020/304
RS 82/20	Notat frå Deloitte - Kontroll av ein tilskotsmottakar - UngVest	2020/61764
RS 83/20	Menon Economics: Vurdering av tiltak for kulturnæringen under koronakrisen	2020/36289
RS 84/20	MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27, Bergen kommune - oversending av forslag til fredingsvedtak	2020/52306
RS 85/20	Kulturkonferansen 2020	2020/42594
RS 86/20	Oversikt over framtidig planlagde politiske saker	2020/43973
	Skriftlege spørsmål	
SI 9/20	Spørsmål frå Pombe (SV) - Fargespill/kulturkort	2020/44447
SI 10/20	Spørsmål frå Strømmen (MDG) - oversikt over korleis korona har påverka arbeidsløysa blant innvandrara i fylket	2020/44447
SI 11/20	Spørsmål frå Andersen - FNB - Om Våtedalen og verneløysingar	2020/44447
SI 12/20	Spørsmål frå Mongstad - SP - og Håland - A - om vidare drift av Kulturfestivalen i Førde	2020/44447
	Politiske saker	
PS 104/20	HU KULII Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20	2020/60738
PS 105/20	Administrativt innsparingsprogram	2020/62142
PS 106/20	Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose	2020/60664
PS 107/20	Ekstraordinære fylkeskommunale midlar til kultur og idrett, relatert til koronasituasjonen	2020/46296
PS 108/20	KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. To lånegarantiar	2020/57218
PS 109/20	Høyring - Forskrift om tilskudd til utvikling, lansering og formidling av dataspill	2020/61855
PS 110/20	Høyringsuttale - forskrift lov om integrering	2020/58910
PS 111/20	Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - vardar og boltar i landsverneplan for Statens kartverk. Høyringsfråsegn	2020/60174
PS 112/20	Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - tilråing og tildeling 2020.	2020/56415
PS 113/20	Tilskot til kulturbygg 2020	2020/58089
PS 114/20	Tilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar 2020	2020/58098
PS 115/20	Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. Retningslinjer	2020/58106
PS 116/20	Søknad om driftstilskot for 2020 til Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers Minde	2020/48522
PS 117/20	Folkemusikkstipend 2020 - tildeling	2020/48811
PS 118/20	Prosjektet Kraftturisme - Opplevingar i det vestnorske kraftlandskaep. Løyving av kr 50.000 til pilotstudie	2020/36559
PS 119/20	Klage på vedtak i søknad om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom	2020/93

X

PS 120/20	Status for handlingsprogram 2019-2020 - dei to regionale kulturplanane i Vestland	2020/57652
PS 121/20	Ung Kultur Møtest - fylkesfestival 2021	2020/58773
PS 122/20	Moster 2024 AS - Endring av aksjonæravtale	2020/861
PS 123/20	Nytt kommunevåpen Tysnes kommune	2020/59373
PS 124/20	Revidert møteplan 2020	2020/896
PS 125/20	Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024	2020/51083
PS 126/20	Uttale om Moria	

Godkjenningssaker

GK 16/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Utvalseiar Stian Davies (A) gjorde framlegg om at RS 82/20 inneheld opplysningar som er underlagt lovpålagt teieplikt og saka vart utsett til neste fysiske møte. Hovudutval for kultur, idrett og integrering slutta seg til dette.

Senea Sabanovic (A) sette fram forslag til uttale:

«Uttale om Moria»

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 4 røyster (Frp, H, Pp).

Følgjande sak vart ettersendt til møtet:

- PS 125/20 Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024

Hovudutval for kultur, idrett og integrering slutta seg til at saka vart sett på sakskartet.

Innkalling og sakliste vart godkjent med slike endringar:

Følgjande saker vart sett på sakskartet:

- PS 125/20 Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024
- PS 126/20 Uttale om Moria.

GK 17/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 04.06.20

Møtebok frå møtet i hovudutval for kultur, idrett og integrering 04.06.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Møteprotokollen frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 04.06.2020 vart godkjent utan merknader.

GK 18/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 01.07.2020

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Møteprotokollen frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 01.07.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 76/20 Kunnskapsgrunnlag i samband med COVID-19
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 76/20 vart referert.

RS 77/20 Orientering til fylkeskommunene - brev fra Kulturdepartementet til departementets tilskuddsmottakere i kultursektoren
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 77/20 vart referert.

RS 78/20 Ny krisepakke for frivillige lag og organisasjonar
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 78/20 vart referert.

RS 79/20 Nynorsk i Den kulturelle skulesekken
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 79/20 vart referert.

RS 80/20 Fordeling av midlar til Den kulturelle skulesekken skuleåret 2020-2021
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 80/20 vart referert.

RS 81/20 Programmet for Den kulturelle skulesekken skuleåret 2020-2021
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 81/20 vart referert.

RS 82/20 Notat frå Deloitte - Kontroll av ein tilskotsmottakar - UngVest
Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 82/20 vart utsett.

RS 83/20 Menon Economics: Vurdering av tiltak for kulturnæringen under koronakrisen
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 83/20 vart referert.

RS 84/20 MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27, Bergen kommune - oversending av forslag til fredingsvedtak
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 84/20 vart referert.

RS 85/20 Kulturkonferansen 2020
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 85/20 vart referert.

RS 86/20 Oversikt over framtidig planlagde politiske saker Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

RS 86/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 9/20 Spørsmål frå Pombe (SV) - Fargespill/kulturkort Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representant Symphorien Pombe har sendt inn følgjande spørsmål som han ønskjer svar på i møte i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 16. september som førebuing til budsjettforhandlingane.

1. Vil Fargespill komme inn under den nye prosjektordningen for integrering, vedtatt i hovedutvalget i vår?

Kulii vedtok å setje av 1,3 million til tilskotsordning for inkludering og mangfald. ([«Tilskot til inkludering og mangfald»](#)) Kriteria for kven som kan søkje er følgjande:

- Frivillige organisasjonar med demokratisk oppbygging
- Institusjonar som arbeider innan inkludering og mangfald på regionalt nivå, og som har heile eller store deler av Vestland fylke som sitt arbeidsområde

Om Fargespill søker her vil dei verte vurdert ut frå dei vedtekne kriteria saman med dei andre innkomne søknadane.

Forøvrig ligg Fargespill inne på eiga line i Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett for 2020 med 1 142 000 kroner, under Ymse kulturføremål . Dei har ligge på Hordaland fylkeskommune sitt kulturbudsjett gjennom fleire år. Dei er sett på som eit framifrå kulturiltak i seg sjølv - som også har ein viktig integreringsfunksjon.

2. Finnes det i dag et kulturkort for ungdom i Vestland? Hva vil det koste for Vestland å ha et kulturkort for ungdom mellom 16-20 år?

Det er pr i dag ikkje nokon ordning med Kulturkort for Ungdom i Vestland. Hordaland og Sogn og Fjordane var to av mange fylke som etablerte slike ordningar på midten av 2000-talet, på oppmoding frå Staten. Modellane for og erfaringane frå slike ordningar er noko ulike, men i dag er det få fylke som framleis har ei kulturkort-ordning.

I Hordaland var det sett av midlar til kulturkortordning frå 2006 til 2015, og ordninga vart avvikla på grunn av at ho ikkje vart vurdert som vellukka nok til å forsetje med. Sogn og Fjordane avvikla si ordning i 2013 av same grunnar. Det er m.a. svært arbeidskrevjande å administrere ei slik ordning på eit nivå som gir nytte for ungdommane og kulturtilbydarane. Det var også svært vanskeleg å få eit slikt kort til å vere relevant for ungdom utanfor byane.

Om ein skulle få eit slikt tilbod til å fungere godt ser fylkesdirektøren at det vil krevje minst 2 - 3 årsverk for å administrere dette. Om ein vel ein modell der kulturinstitusjonane skal få kompensert / subsidiert dei inntektene dei taper på å selje rabatterte billetter til ungdom vil dette kome i tillegg.

Eit kulturkort for ungdom krev kontinuerleg oppfølging og mykje informasjonsarbeid. Fylkesdirektør meiner - ut frå tidlegare erfaringar - at fylkeskommunen i samarbeid med kulturlivet sjølv kan jobbe meir effektivt og nyttig på anna vis for å få ungdom og andre grupper til å bruke kulturtilboda og senke tersklane for deltaking.»

SI 10/20 Spørsmål frå Strømmen (MDG) - oversikt over korleis korona har påverka arbeidsløysa blant innvandrarar i fylket

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representanten Øyvind Strømmen har stilt tre spørsmål. Spørsmåla som vert stilt er omfattande og grip inn i heile breidda av fylkeskommunen sin politikk og oppgåver. Svaret er kortfatta og viser til pågåande og kommande prosessar i fylkeskommunen.

1. Har fylkeskommunen oversikt over korleis korona har påverka arbeidsløysa blant innvandrarar i fylket?

Ja, vi kan via SSB sine kvartalsvise statestikkar følgje arbeidsløysa blant innvandrarar. Følgjande tabell viser arbeidsledige i arbeidstyrken i Vestland og Norge for første og andre kvartal 2020:

46 Vestland	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 1. kvartal 2020	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 2. kvartal 2020
Totalt	2,1	6,0
Befolkningen eksklusive innvandrere	1,5	4,5
Innvandrere i alt	5,6	14,2
Gruppe 1: EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand	4,6	13,2
Gruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utenom EU/EFTA, Oseania utenom Australia og New Zealand	6,8	15,4

Norge	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 1. kvartal 2020	Arbeidsledig % av arbeidstyrken 2. kvartal 2020
Totalt	2,3	6,4
Befolkningen eksklusive innvandrere	1,7	4,9
Innvandrere i alt	5,5	13,7
Gruppe 1: EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand	4,6	12,2
Gruppe 2: Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utenom EU/EFTA, Oseania utenom Australia og New Zealand	6,3	15,1

SSB: 07115: Registrerte helt arbeidsledige innvandrere og deltakere på tiltak 15-74 år, etter region, landbakgrunn, statistikkvariabel og kvartal

Mange i mellombelse tilsetjingar og deltid gjer tilsette i gruppa innvandrarar meir sårbare for svingingar i næringsliv og arbeidsmarknad, noko vi meiner å sjå har skjedd også i koronatida.

Fylkeskommunen vil i vidare arbeid med eige kunnskapsgrunnlag for utviklingsplan, regionale planar, folkehelseundersøkinga, m.m. i Vestland fylkeskommune leggje vekt på å skaffe fram oppdatert statistikk som også viser status og utvikling for innvandarbefolkninga.

2. Er det sett i gang eller er det aktuelt å setja i gang konkrete tiltak overfor denne gruppa knyta til koronamidlar?

Så langt har det ikkje vore lagt inn spesifikke kriterier knytt til innvandrarar ved tildeling av koronamidlar i Vestland fylkeskommune. Det kan vere relevant å løfte problemstillinga administrativt og politisk framover for å sjå på om dette er noko vi skal konkretisere nærare. Så er det, sjølv om dette går utover den konkrete bruken av koronamidlar no, aktuelt å peike på Utviklingsplanen for Vestland som m.a. har som eit av måla «Likeverdige moglegheiter til å delta i verdiskaping». Dette er også følgd opp i planprogram for regional plan for innovasjon og næringsutvikling der eit av plantema er «Innovative samfunn og like mogelegheiter til å delta i verdiskaping». Dette gir innretning på arbeidet

som eg vonar på sikt vil gi positive effektar m.a. i høve innvandarane si tilknytning til arbeidslivet.

3. Kva arbeid har fylkeskommunen gjort og gjer fylkeskommunen i høve regjeringa sin inkluderingsdugnad for å få fleire i arbeid?

Regjeringa sin inkluderingsdugnad har tre innsatsområde:

- Redusere arbeidsgivernes risiko ved å ansette
- Arbeid og psykisk helse
- Bedre muligheter til opplæring

I høve dei to førstnemnde innsatsområda vil eg peike på at fylkestinget har fatta politisk vedtak som er tatt inn i utkastet til rekrutteringsprosedyre. Der heiter det at Vestland fylkeskommune skal vere ein arbeidsgjevar som legg til rette for rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne og menneske med «hol» i CV'en sin.

Når fylkeskommunen har opplæring i temaet rekruttering blir det lagt spesielt vekt på at vi skal vere ein arbeidsgivar som skal kunne tilby arbeid til menneske med hol i CV, nedsatt funksjonsevne og/eller annan kulturell bakgrunn.

Rekrutteringsprosedyren er under arbeid, og vil verte publisert i fylkeskommunen sitt kvalitetssystem når dette er godkjent.

Vestland fylkeskommune skal vere ein inkluderande arbeidsplass. Gjennom det systematiske HMS-arbeidet vil vi streve etter å ta vare på dei tilsette og unngå fråfall og utstøying. Ved rekruttering av tilsette med helsemessige eller andre utfordringar vil vi så langt mogleg legge til rette og følge opp den einskilde. Her vil og bedrifhelsetenesta kunne bidra. Alle leiarar med personansvar spelar ei viktig rolle ved inkludering og tilrettelegging. Dette vil bli tema i kommande leiaropplæring, og i våre HMS-kurs for leiarar og verneombod.

Med tanke på vår rolle overfor eksterne, vil tilskotsordninga for innvandrarak som vi tok over frå IMDi januar 2020 til mentor- og traineeordninga og etablererordning, saman med tilskot til Jobbsjansen - del B vere eksempel på konkrete handlingar der fylkeskommune kan bidra til å styrke innvandrarak si innpass i arbeidslivet.

Når det gjeld betre moglegheiter for opplæring byggjer Vestland fylkeskommune vidare på godt arbeid i opplæringssektoren. I samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunen vert det tilbydd såkalla kombinasjonsklassar der grunnskuleopplæring på vidaregåande skular er sentral (jf også tiltaket Jobbsjansen - del B). Gjennomføring av dette tilbodet kvalifiserer til å starte i vidaregåande opplæring.

I «Gloppen-modellen» finn vi ein samhandlingsmodell der Nav og kommunen kvalitetssikrar kandidatar til ei 4-årig opplæringsløp mot eit fagbrev og lovar læreplass. Det er tett samarbeid opplæringskontor, vidaregåande skular i heile opplæringsløpet. Det vert arbeidd med forsøk på å utvikle slike modeller i heile fylket.

Eit anna tiltak er der NAV, Bergen kommune og fylkeskommunen samarbeider gjennom et utviklingsprosjekt for å finne gode modeller for modulstrukturert opplæring og modellar for samfinansiering.

I tillegg vil fylkeskommunen forsøke å rette deler av midlar som er øyremerka opplæring for permitterte og ledige mot denne målgruppa.

Vi har også mange ulike vaksenopplæringstilbod, men der det ikkje er lovnad om læreplass. Her er eit utviklingspotensiale.

Eg vil også peike på karriererettleiinga som fylkeskommunen tilbyr som eit viktig tiltak i det å finne ein veg inn i arbeidslivet.

Spørsmåla frå Øyvind Strømmen er viktige og omfattande. Eg har i svaret forsøkt å vise til kva fylkeskommunen gjer, og korleis vi samhandlar for å løyse oppgåver innan dette feltet.

Eit sentralt suksesskriterium for å lukkast med regjeringa sitt mål om rask integrering gjennom opplæring og arbeid, er forpliktande samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, NAV og lokalt næringsliv.

Avslutningsvis vil eg også peike på nye oppgåver fylkeskommunen har fått, og Lov om integrering som er venta vedteken i Stortinget i haust, og gjort gjeldande frå 1.1.2021 vil tydeleggjere fylkeskommunen sitt ansvar og oppgåver på integreringsfeltet. Fylkeskommunen har ein unik moglegheit til å løfte integreringsoppgåvene inn i den store samfunnsutviklingsprosessen, og arbeide for eit mangfaldig og inkluderande Vestland. Utviklingsplanen for Vestland som fylkestinget skal vedta på førstkommande møte, legg gode føringar for dette.»

SI 11/20 Spørsmål frå Andersen - FNB - Om Våtedalen og verneløysingar **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Representant Knut Inge Andersen har sendt inn følgjande spørsmål som han ønskjer svar på i møte i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 16. september:

«Natur- og landskapsvern er den seinare tida vorte særleg aktualisert gjennom vindkraftutbyggingsprosjekta. Diverre kjem verneinteressene ofte for seint på banen i høve til dei formelle planprosessane og bindande vedtak.

Dreg ein frå Sunnfjord til Nordfjord passerer ein gjennom Våtedalen. Våtedalen ligg delt mellom Sunnfjord og Gloppen kommune. Alle som køyrer gjennom dette dalføret vert imponert av den særmerkte naturen, med fjella og elva som sentrale element. Våtedalen ligg rett vest for Jostedalsbreen nasjonalpark. Landskapet er eit kulturlandskap i aktiv bruk.

Det er under planlegging ny snørassikker vegtrase gjennom Våtedalen, delvis i tunnel og delvis i ope terreng. Dette vil kunne innebere store negative landskapsmessige inngrep. Planane er enno på eit stadium der ein ikkje har låst seg til ei bestemt traseløysing.

Det eksisterer ei rekkje mogelegheiter for å verne områder, alt frå tildeling av status som aktive/utvalde kulturlandskap i jordbruket, til klassifisering som definert verneområde og vidare heilt opp til nasjonalparkstatus. Dei fleste av desse prosessane går i regi av kommunane i samarbeid med fylkesmannen.

Er leiar for Hovudutval kultur einig i at ein til neste møte i utvalet (oktober 2020) ber administrasjonen leggje fram slike alternativ slik at ein etter ei politisk handsaming vil kunne oversende eit brev frå utvalet til kommunane Sunnfjord og Gloppen, der ein ber kommunane i fellesskap sjå på alternative, mogeleg verneløysingar for Våtedalen?»

Svar:

Fylkeskommunen si rolle i arealplansaker er at vi deltek i den formelle planprosessen og gir høyringsinnspel frå dei aktuelle fagområda fylkeskommunen forvaltar. Dette kan til dømes gjelde både kollektiv, veg, landskap og kulturminne. Det er kommunen som er mynde etter plan- og bygningslova og det er tiltakshavar si rolle å greie ut alternative løysingar, eventuelt etter krav frå rette mynde. Er kommunen sitt framlegget til arealplan i konflikt med regionale eller nasjonale interesser kan fylkeskommunen reise motsegn til planen. I Vestland fylkeskommune sitt delegeringsreglement er motsegnsmynde lagt til Fylkesutvalet for saker av prinsipiell karakter.

I høve den konkrete kulturminnefaglege vurderinga av Våtedalen er denne ikkje vurdert å vere eit av dei 21 kulturhistoriske landskapa (KULA) i Sogn og Fjordane av nasjonal interesse.»

SI 12/20 Spørsmål frå Mongstad - SP - og Håland - A - om vidare drift av Kulturfestivalen i Førde
Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Spørsmål frå Kjell Håland (AP):

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vart i førre møte den 08.09.d.å. orientert om at Vestland fylke har sagt opp samarbeidsavtalen om planlegging og gjennomføring av den årlege Kulturfestivalen i Førde. Samarbeidsavtalen mellom Sogn og Fjordane foreining for utviklingshemma (NFU), Universitetet i Bergen v/Griegakademiet og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart inngått i 2009.

Denne festivalen har vore svært viktig for deltakarar frå heile Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane fylke har gjennom mange år hatt ei aktiv rolle i dette arbeidet. Festivalen har samla deltakarar som elles har lite tilgjenge til slike arrangement, og på festivalen får dei delta aktivt på ulike kurs, leia av profesjonelle kunstnarar og aktørar. M.a. har Griegakademiet v/Universitetet i Bergen lagt studentane si deltaking inn i studieplanane sine.

Vestland fylke opplyser til NFU at den fylkeskommunale bstanden frå no av vil vere av meir rettleiande karakter, og at festivalen må søkje om midlar gjennom eksisterande tilskotsordningar.

Kulturfestivalen i Førde er eit yperleg døme på eit vellykka samarbeid mellom tilsette ved fylkesmusikkterapisenteret, NFU Sogn og Fjordane og Fylkeskommunen, og det vil være svært viktig at dette tilbodet blir sikra vidare drift - og om mogleg utvida til å gjelde heile Vestland fylke.

Korleis ser fylkesdirektøren føre seg at ein kan sikre vidare drift for Kulturfestivalen, og vil ein ta initiativ til å sikre at festivalen blir eit fast årleg tilbod som også kan utvidast og utviklast vidare?

Svar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, NFU Sogn og Fjordane (Norsk forbund for utviklingshemmede) og Griegakademiet har i fleire år samarbeidd om Kulturfestivalen i Førde. Fylkeskommunen har hatt ei aktiv rolle i planlegging og gjennomføring, og Griegakademiet har hatt musikkterapistudentar i praksis på festivalen. I 2009 vart det inngått avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, NFU Sogn og Fjordane og Griegakademiet der fylkeskommunen tok på seg å dekkje reise til og opphald ved festivalen for 12 studentar. NFU Sogn og Fjordane har i tillegg søkt om støtte til festivalen over fylkeskommunens ordinære tilskotsordningar.

Då avtalen om dekking av reise- og opphaldsutgifter for studentar frå Griegakademiet vart inngått, var det etablert eit senter for musikkterapi i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Senteret hadde på det meste to faste stillingar som musikkterapeutar, og dei hadde ein stor del av sin oppgåveportefølje knytt til utøvande verksemd. Personalressursen ved senteret vart seinare redusert til éi fast stilling i samband med innsparingar i fylkeskommunen, og senteret sine oppgåver vart fasa inn i kulturavdelinga under fagområdet kultur og helse. Samstundes vart aktiviteten i større grad lagt om til rådgjeving, prosjektarbeid og innsats på systemnivå.

Kulturfestivalen vart vurdert til å ha eit stort utviklingspotensial, og har heile tida vore sentral i dette arbeidet. Etter omlegginga var det likevel ikkje lenger naturleg for fylkeskommunen å vere direkte inne i den konkrete planlegginga og gjennomføringa av kulturfestivalen. Som følgje av det vart avtalen med NFU Sogn og Fjordane og Griegakademiet om dekking av reise- og opphaldskostnader for studentane sagt opp 01.07.2020. NFU Sogn og Fjordane vart oppmoda om eventuelt å innlemme desse kostnadene i ordinær søknad om støtte frå Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren ser kulturfestivalen som eit viktig og verdifullt tiltak, og fylkeskommunen vil bidra med råd og fagleg støtte i utviklinga av festivalen. Kulturfestivalen vil elles kunne søkje om tilskot frå eksisterande fylkeskommunale støtteordningar.»

Politiske saker

PS 104/20 HU KULII Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20

Forslag til uttale

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert felles opplegg for driftsbudsjett 2021.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021- 2024.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvingnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 1

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert felles opplegg for driftsbudsjett 2021 til orientering.

Punkt 1

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021 - 2024 til orientering»

Rita Tønning (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek presentasjon av Budsjett 2021 og økonomiplan 2021 / 2024 til vitande.»

Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 4:

Hovedutval for kultur, idrett og integrering ber om at de vedtatte innsparingstiltakene konkretiseres for hvert bevilgningsnivå, og tydeliggjøres for videre politisk behandling.»

Avrøysting

Tønning sitt forslag fekk 5 røyster (FNB, Frp, Pp, R) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 fekk ingen røyster og fall.

Håland sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (FNB, Frp, R).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 5 røyster (FNB, Frp, Pp, R).

Davies sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (FNB, Frp, Pp).

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert felles opplegg for driftsbudsjett 2021 til orientering.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tar presentert opplegg for investeringsbudsjett 2021 - 2024 til orientering

3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til presentert budsjett for sektoren kultur, idrett og inkludering fordelt på løyvningsnivå og med innarbeidde salderingstiltak.

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om at de vedtatte innsparingstiltakene konkretiseres for hvert bevilgningsnivå, og tydeliggjøres for vidare politisk behandling.

PS 105/20 Administrativt innsparingsprogram

Forslag til innstilling

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll 09.09.2020 - administrasjonsutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til finansutvalet

1. Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Rita Tonning (R) sette fram slik forslag:

«Alternativ:

Administrativt innsparingsprogram tas til vitande.»

Avrøysting

Tonning sitt forslag fekk 2 røyster (R, Pp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til finansutvalet mot 1 røyst (R).

Innstilling

Finansutvalet legg til grunn ei innsparing i administrative kostnader på 26,6 mill. kr i driftsbudsjettet for 2021. Summen kjem i tillegg til andre administrative innsparingar som er foreslått i arbeidsdokument 3/20.

PS 106/20 Tertialrapport pr. august 2020 - rekneskapsprognose

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

	kr 1 000
Byveksttalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300
Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400

Sum vegar	125 197
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
Sum investeringar	-56 803
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettdring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Rita Tonning (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
Hovudutval, for kultur, idrett og integrering tek saka til vitande.»

Avrøysting

Tonning sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, Pp, R) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (FNB, Frp, R)

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering
2. Investering: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i investeringsbudsjettet

	kr 1 000
Byvekstavtalen til fylkesvegane eks. bybanen	31 361
Bømlopakken	50 000
Tunellrehabilitering	-11 900
Austevollbrua	300

Ferjekaiar Jondal/Tørvikbygd	48 000
Snøggåtkai Ranavik	3 000
Storeskaret - Arefjordpollen	1 375
Tibbene / Trengereid i Øygarden	661
Planlegging	2 400
Sum vegar	125 197
Førde vgs	15 000
Askøy vgs	-45 000
Mo og Øyrane vgs - verkstadbygg	-10 000
Fylkeshus	-25 000
Sogndal vgs	-6 000
Nytt opplæringsfartøy	-100 000
Tannklinikk Sogndal	-11 000
Sum bygg	-182 000
Sum investeringar	-56 803
Finansiering:	
Bompengar	42 716
Mva komp.	-17 400
Lån	-82 119
Sum finansiering	-56 803

3. Drift: Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i driftsbudsjettet

Budsjettendring		kr 1 000	
Løyvingsnivå	Tekst	Meirutg./ Mindreinnt.	Meirinnt./ mindreutg.
1	Rammetilskot		347 931
7	Reserve (Lønsavsetjing)	77 517	
22	Forskning, kompetanse, internasj.	1 187	
31	Opplæring i bedrift	21 427	
51	Billettinntekter kollektiv	247 800	
60	Veg - drift og vedlikehald		2 500
63	Andre tiltak - infrastruktur og veg	2 500	
		350 431	350 431

PS 107/20 Ekstraordinære fylkeskommunale midlar til kultur og idrett, relatert til koronasituasjonen

Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og inkludering sluttar seg til retningslinene for utlysing og tildeling slik dei framgår i saka.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Kurt Hæggemæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Kommunale amatørkulturråd må inngå i ordningen som søkere»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke. Hæggernæs sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, Sp, Pp, R) og fall.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og inkludering sluttar seg til retningslinene for utlysing og tildeling slik dei framgår i saka.

PS 108/20 KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. To lånegarantiar

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Vedtaket i punkt 1 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.
3. Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr 50 mill. til nytt magasin for KODE vert avslått, då staten framleis har hovudansvaret for finansiering av KODE.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Kjell Gitton Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i KODE. Håland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd litra e) nr. 2.

Kjell Gitton Håland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Nytt punkt 2

Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr. 50 mill. til nytt magasin for KODE vert innvilga, under føresetnad at Bergen kommune og staten bidrar med tilskot til KODE for nedbetaling av heile lånebeløpet. Garantien sine øvrige vilkår, blant anna garantien sin varigheit, vert gitt i samsvar med avtale mellom KODE og lånegjevar.

Det vert vist til Bergen bystyre sitt vedtak i Bergen kommune sin 1. tertialrapport 2020. Her vert årleg tildeling auka til nedbetaling av lånet til totalt kr 5.000.000 og vert innarbeida i budsjett- og økonomiplan. Videre visar ein til tilskotsbrev 2020 frå Kulturdepartementet til KODE der årleg tildeling til KODE vert auka til kr 3.000.000 til same formål.

Nytt punkt 3

Vedtaket i punkt 1 og 2 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

Nytt punkt 4

Vestland fylkeskommune held framleis fast på at KODE Kunstmuseer og Komponisthjem har ei sentral nasjonal rolle i forvaltninga av vår felles nasjonale kulturarv. Dette vil seie at staten har hovudansvar for finansieringa av KODE.

Vestland fylkeskommune vil understreke at om staten hadde bidratt til finansieringa av KODE i samsvar med sine klare forpliktingar, ville ikkje KODE ha vore i den prekære situasjonen som museet no opplever. Då hadde det heller ikkje vore behov for garantistilling frå fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune ber staten omsider auke sine årlege tildelingar slik at KODE både får ein føreseieleg drift og får reelle moglegheiter til å utvikle seg i tråd med sitt nasjonale mandat. Etter at regjeringa vedtok å fråfalle den planlagde oppgåveoverføringa på kunst- og kulturfeltet til regionane, har staten stadfesta sitt hovudansvar for KODE og for dei andre musea i Vestland.

Vestland fylkeskommune forventar at politisk leiing i Kulturdepartementet har ein løpande dialog med politisk leiing i Bergen kommune og i Vestland fylkeskommune angående den finansielle situasjonen til KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. Fylkeskommunen vil ta initiativ til møte med Kulturdepartementet og Bergen kommune.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (Pp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 3 fekk 3 røyster (FNB, Frp) og fall.

Davies sitt forslag punkt 2 og 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (FNB, Frp, Pp).

Davies sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (FNB, Frp, H, Pp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem treng for sluttfinansiering av el-katamaran til Lysøen, i samsvar med søknad datert 27.mai 2020, inntil kr 5 mill.
2. Søknad om fylkeskommunal lånegaranti på kr. 50 mill. til nytt magasin for KODE vert innvilga, under føresetnad at Bergen kommune og staten bidrar med tilskot til KODE for nedbetaling av heile lånebeløpet. Garantien sine øvrige vilkår, blant anna garantien sin varigheit, vert gitt i samsvar med avtale mellom KODE og lånegjevar.

Det vert vist til Bergen bystyre sitt vedtak i Bergen kommune sin 1. tertialrapport 2020. Her vert årleg tildeling auka til nedbetaling av lånet til totalt kr 5.000.000 og vert innarbeida i budsjett- og økonomiplan. Videre visar ein til tilskotsbrev 2020 frå Kulturdepartementet til KODE der årleg tildeling til KODE vert auka til kr 3.000.000 til same formål.

3. Vedtaket i punkt 1 og 2 må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.
4. Vestland fylkeskommune held framleis fast på at KODE Kunstmuseer og Komponisthjem har ei sentral nasjonal rolle i forvaltninga av vår felles nasjonale kulturarv. Dette vil seie at staten har hovudansvar for finansiering av KODE.
5. Vestland fylkeskommune vil understreke at om staten hadde bidratt til finansiering av KODE i samsvar med sine klare forpliktingar, ville ikkje KODE ha vore i den prekære situasjonen som museet no opplever. Då hadde det heller ikkje vore behov for garantistilling frå fylkeskommunen.
6. Vestland fylkeskommune ber staten omsider auke sine årlege tildelingar slik at KODE både får ein føreseieleg drift og får reelle moglegheiter til å utvikle seg i tråd med sitt nasjonale mandat. Etter at regjeringa vedtok å fråfalle den planlagde oppgåveoverføringa på kunst- og kulturfeltet til regionane, har staten stadfesta sitt hovudansvar for KODE og for dei andre musea i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune forventar at politisk leiing i Kulturdepartementet har ein løpande dialog med politisk leiing i Bergen kommune og i Vestland fylkeskommune angående den finansielle situasjonen til KODE Kunstmuseer og Komponisthjem. Fylkeskommunen vil ta initiativ til møte med Kulturdepartementet og Bergen kommune.

PS 109/20 Høyring - Forskrift om tilskudd til utvikling, lansering og formidling av dataspill

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om ei eiga forskrift for tildeling av tilskot til produksjon og formidling av dataspill, og sluttar seg til forslaget om opning for å gje tilskot til alle fasar i utviklingsløpet frå idestadiet og fram til ferdigstilling av dataspill. Vestland fylkeskommune stør at det også kan gjevast tilskot til formidling av dataspill og kompetanseheving for formidlarar som bidrag for å styrke posisjoneringa av norskutvikla dataspill.

2. Vestland fylkeskommune er positive til at støtteordningane stimulerer til produksjon av dataspel som tek i vare norsk språk, kultur og historie. Forskrifta bør i sterkare grad gjenspegle norsk språkpolitikk og innføre insentiv for å sikre at dataspel også vert utvikla og gjort tilgjengeleg på nynorsk.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Rita Tønning (R) sette fram slikt forslag:

«Tilskot til utvikling av spel med oppmoding til vald skal ikkje prioriterast.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Tønning sitt forslag fekk 5 røyster (R, FNB, SV, V) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om ei eiga forskrift for tildeling av tilskot til produksjon og formidling av dataspel, og sluttar seg til forslaget om opning for å gje tilskot til alle fasar i utviklingsløpet frå idestadiet og fram til ferdigstilling av dataspel. Vestland fylkeskommune stør at det også kan gjevast tilskot til formidling av dataspel og kompetanseheving for formidlarar som bidrag for å styrke posisjoneringa av norskutvikla dataspel.

2. Vestland fylkeskommune er positive til at støtteordningane stimulerer til produksjon av dataspel som tek i vare norsk språk, kultur og historie. Forskrifta bør i sterkare grad gjenspegle norsk språkpolitikk og innføre insentiv for å sikre at dataspel også vert utvikla og gjort tilgjengeleg på nynorsk.

PS 110/20 Høyringsuttale - forskrift lov om integrering

Forslag til innstilling

1.	Oppgåver knytt til tilskotsordningar Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretekne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølvstendig at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene
2.	Kompetansekartlegging Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier.
3.	Permisjon ved fødsel og adopsjon Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet
4.	Norskmål for deltakarar som går i grunnskule Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk vert erstatta med tidlegare krav om deltaking i eit visst tal timar opplæring i norsk. Norskmålet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakaren
